

Notat til regionalt planforum, møte 12. desember 2017

Gjeld: Planprogram for kommuneplanen sin arealdel

Bakgrunn

- Kommuneplanen sin arealdel ble vedtatt i kommunestyret 22.09.2011 saman med samfunnsdelen.
- Kommuneplanen sin samfunnsdel ble vedtatt i kommunestyret 21. september 2017.

Kommunal planstrategi ble vedtatt 15. september 2016. Her er det gjort ein vurdering av gjeldande arealdel, og konkludert med at ein ikkje treng å ta ein full revisjon av arealdelen, men at det er særskilte tema som må verta vurdert på nytt. Gjeldande arealdel var resultat av ein full revisjon av alle arealføremål i heile kommunen. Det vart gjennomført grundige prosessar med omfattande utgreiingsarbeid. Gjeldande arealdel vart vedtatt etter ei avsluttande meklingsrunde med Fylkesmannen i Hordaland.

Særskilte tema

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel starta hausten 2017. Plan- og miljøutvalet er politisk styringsgruppe for arbeidet.

20. – 21. november hadde administrasjonen og styringsgruppa eit 2-dagars seminar kor vi diskuterte aktuelle hovudtema i planprogrammet. Administrasjonen la fram sitt forslag til aktuelle hovudtema basert på føringar i samfunnsdelen, erfaringar og utfordringar med gjeldande arealdel, samt endring i lovverk og krav frå overordna mynde.

Forslag til fem aktuelle hovudtema:

1. Sentrumsutvikling
2. Næringsutvikling
3. Bustadutvikling
4. Landbruk-, natur- og friluftsområde
5. Grønstruktur

Hovudtema i planprogrammet	Aktuelle undertema
Sentrumsutvikling	<ul style="list-style-type: none">• Funksjon, rolle og struktur i nærsentra• Offentleg og privat tenesteyting• Arealutnytting• Folkehelse• Møteplassar

Næringsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Akvakultur og næring i sjø • Offentleg og privat tenesteyting • Næringsstruktur – handel, industri og tenesteyting • Mongstad
Bustadutvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Kvalitet i buområda • Infratraktur – veg, vatn og avløp (VVA), digital infrastruktur, parkering • Krav om reguleringsplan (plankrav)
Landbruk-, natur- og friluftsområde	<ul style="list-style-type: none"> • Næringsutvikling i landbruket • Spreidd utbygging • Jordvern • Tiltak på eksisterande bygde eigedommar i LNF-områda
Grønstruktur	<ul style="list-style-type: none"> • Strandsone • Friområde – tilgang og tilrettelegging • Universell utforming

Moglege tilleggstema:

- Naust
- Fritidsbustader

Diskusjon

15. november hadde Lindås kommune eit møte med Fylkesmannen i Hordaland knytt til aktuelle hovudtema i planprogrammet. Fleire av punkta som var oppe til diskusjon står oppført i lista under.

Desse er også tema kommunen særleg ønskjer å setja fokus på i regionalt planforum:

- Kva er særleg viktige tema i ei begrensa rullering? Regionale mynde sitt perspektiv. Erfaringer frå andre kommunar?
- Samordna areal og transport: Korleis bør vi jobbe vidare med med strategiane 31 og 32 (samfunnsdelen) i arbeidet med arealdelen? (Fortetting vs spredt).
 - Strategi 31: *Auke arealutnyttinga i Knarvik, Alversund og dei definerte nærsentra Ostereidet og Lindås, og i nærleiken til skule, barnehage, fritids- og servicetilbod*
 - Strategi 32: *Leggje til rette for spreidd busetnad og mindre bustadfelt i heile kommunen*
- Samfunnsdelen åpner opp for næring i sjø og større tilgang til strandsonen. Korleis handtere dette på ei god måte?
- Kva krav vi vil få dersom vi vil ta inn alle eksisterande naust i kommuneplanen, og nye naustområde ift. krav til KU/ROS etc?
- Kva er moglege konsekvensar av å ta ut eksisterande byggeområde, og oppheving av eldre reguleringsplanar?